


Høyringsak om revidering av forskrift for skulebyte-

Høyringsfrist 10.08. 2025



Politisk oppdrag



HST; Saknr 015/25 arkivsak 24/3212: *Rådmannen skal leggja fram eit høyringsforslag med revidering av forskrifta for byte av skule i Kvam herad, der elevar får moglegheit til å søkja skuleplass mellom anna basert på kva barnehage dei har gått i og høve til å halda fram på same skule ved intern flytting i kommunen. I denne endringa skal det også leggjast særleg vekt på sosiale omsyn, slik at elevar med etablert sosialt nettverk og tilsvarende omsyn får sterkare prioritet enn i dag.*

Utfordringar ved noverande vedtekter



- § 4.0 Føresetnad for eit positivt vedtak

Ein viktig føresetnad for positivt vedtak er at det er plass ved den aktuelle skulen. Ulike moment som må vurderast er talet på ledige rom, organiseringa av årstrinna, storleiken på gruppene og inneklimaet. Når er det fullt?

- § 5.0 Grunnlag som kan gi positive vedtak ved søknad
- §5.0 punkt 4. Sosiale og medisinske tilhøve og punkt 7 ved særlege grunnar kan ein søkja om å få gå på skule i annan kommune

§ 5.0 FØRESETNAD FOR POSITIVT VEDTAK

Følgjande moment skal vurderast ved handsaming av saker om skulebyte:

- a. Kapasitet og samfunnsmessige konsekvensar på mottakande og avgjevande skule, opplæringslova §2-6
- b. Det fysiske miljøet ved mottakande skule jf. opplæringslova § 12-7 og forskrift om helse og miljø i barnehagar, skular og skulefritidsordninga
- c. Konsekvensar for skulemiljøet jf. opplæringslova §12-2
- d. Ingen klassar eller grupper skal vera større enn det som er trygt og pedagogisk forsvarleg jf. opplæringslova §14-2
- e. Eleven sin rett til medverknad jf. opplæringslova § 10-2
- f. Barn sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn jf. opplæringslova § 10-1

Nytt: rektor handsamar søknader

Lik praksis: Dersom skulebyttet ikkje har samanheng med retten til opplæring, kan heradet setja som vilkår eigenbetaling av skyss for å innvilga skulebyte



Opplæringslova §2-6

Kva grunnskole eleven skal gå på

Elevane har rett til å gå på ein skole i nærmiljøet. Kommunen kan gi forskrift om skolekrinsar. Ved tildeling av skoleplass og fastsetjing av forskrift om skolekrinsar skal kommunen leggje særleg vekt på kva skole som ligg nærast heimen. Kommunen kan også ta omsyn til topografi, trafikktilhøve og kapasiteten på skolane, og at barn i same nabolag skal få gå på same skole.

- Etter søknad kan eleven takast inn på ein annan skole enn den eleven har rett til å gå på.



Dersom skulen ikkje har ledig kapasitet til å ta inn fleire som søker skulebyte



- bustaden sin avstand til omsøkt skule
- sysken ved skulen
- sosiale og/eller medisinske forhold vurdert tverrfagleg saman med td PPT, helsesjukepleiar, kommunepsykolog, lege, 2.linjetenesta/BUP eller barnevern
- halda fram på skulen ved intern flytting
- søker meiner den ynskta skulen er betre tilpassa barnet sitt behov enn nærskulen
- sosiale omsyn; td. relasjonar til elevar, kva barnehage dei har gått i og etablert sosialt nettverk

Moglege konsekvensar av ny forskrift:

- Innbyggjarane får større moglegheiter til å søkja seg til den skulen dei ynskjer å gå på- **utfordring kapasitet nokre skular**
- Søknader kan medføre manglande robust elevgrunnlag og såleis ressurstildeling
- Legg eit stort ansvar på det som kan vera usikre føresette og elevar - **kva er best på kort og lang sikt?**
- Auka sakshandsaming- **store krav til sakshandsaming på søknader og vedtak i skulen og fleire klagesaker krev ressursar**
- Rektor ny oppgåve- **meir lean då det er rektor som har kunnskapen og kan henta inn elevane sine stemmer, men rådmannen er uroa for arbeidsmengda**

